



Kinn kommune

Revisjonsrapport, berekning og utbetaling av tapt
arbeidsforteneste

Innhald

Innhald	2
Innleiing	3
Oppsummering / vurderingar – Godtgjersleregulativ	4
Tilrådingar.....	4
Oppbygging av rapporten.....	5
Godtgjersleregulativet punkt 14. Kommunale føretak.....	5
Godtgjersleregulativ kapittel 1 Faste godtgjersler, punkt 1.3 Andre folkevalde.....	6
Godtgjersleregulativ kapittel 1 faste godtgjersler, punkt 1. 4 Frikjøp av folkevalde.....	8
Kapittel 16. Regulativ for godtgjersler og vederlag til folkevalde.....	10
Funn	11
Kommunelova utdrag.....	11
Kontrollutvalet	12

Innleiing

Kontrollutvalet i Kinn kommune tinga i sak 041/22 frå Vestland Revisjon ein revisjonsrapport som tar føre seg om berekning og utbetaling av tapt arbeidsforteneste er gjort i henhold til kommunelova og kommunens vedtekne godtgjersleregulativ.

Vedtaket i kontrollutvalet i Kinn lyder slik.

Kinn kontrollutval ber Vestland revisjon undersøke om berekning og utbetaling av tapt arbeidsforteneste er gjort i henhold til kommunelova og kommunens vedtekne godtgjersleregulativ innan 01.03.2023.

Vi starta vårt arbeid med telefonmøte med Leiar i Kontrollutvalet og med Dagleg leiar i Vest kontroll som er kontrollutvalet i Kinn sitt sekretariat. Desse møta vert haldt for å få meir informasjon kring bestillinga frå kontrollutvalet då revisor ikkje var til stades i Kontrollutvalet når bestillinga vart laga.

Etter nærare samtalar med Leiar i KU og med DL i Vest kontroll ber kontrollutvalet i Kinn kommune Vestland revisjon om å undersøke korleis Kinn kommune sitt godtgjersleregulativet vert praktisert i forhold til Leiarane i Kinn kommune sine KF og korleis godtgjersleregulativet vert praktisert når det gjeld alle medlemane i kontrollutvalet i Kinn kommune.

Det vart gjennomførte eit møte 16.01.23 mellom Vestland revisjon KO og Kinn kommune sin Controller, Lønningssjef og Stabsleiar Informasjon og service. Hensikta med møte var å få ei oversikt over korleis kommune sin administrasjon praktisera sitt eige godtgjersleregulativ og om godtgjersleregulativet gjer noko rom for tolking eller om det er lett å forstå og praktisere regulativet.

Vi fekk opplysningar i møte 16.01.2023 at godtgjersleregulativet skal reviderast i 2023.

Florø 09.03.2023

Trine Havn
Forvaltningsrevisor
Vestland revisjon KO

Vårt inntrykk av korleis regulativet vert praktisert er at det vert praktisert ulikt. Når noko har ein ulik praksis kan det tyde på at regulativet er open for tolking. Vi finn at regulativet ikkje er heilt beint fram lett å forstå og at det kan oppfattast som om at det er eit viss rom for tolking.

I kapittel 14. om kommunale føretak står det at reglane for tapt arbeidsforteneste gjeld for KF som for hovudutvala mv. Vidare så er ikkje leiarane i KF nemnd i **kapittel 1. punkt 1.3** over dei som skal ha fast godtgjersle. Men leiarane for utvala og kontrollutvalet er nemnd her. Ser vi i **kapittel 16** regulativ for godtgjersle så seier den mellom anna at leiarane av hovudutvala sin godtgjering skal dekke både tapt arbeidsforteneste og møtegodtgjering. Den same teksten står ikkje under leiarane i KF, der står det at godtgjeringa på 4,5% av ordførarløna skal dekke møtegodtgjering.

Når vi samanliknar leiarane i hovudutvala og leiarane i dei kommunale føretaka så ser vi at teksten i tabellen ikkje er heilt lik. Sjølv om det står i kapittel 14 kommunale føretak at dei skal handsamast likt. Vi synes det vert vanskelig å tolke regulativet når ein etter vår oppfatning er noko upresis i omtalen av kven som skal ha kva for godtgjeringar i følge regulativet.

Praksisen av utbetaling av tapt arbeidsforteneste til leiarane i dei kommunale føretaka syner at regulativet vert tolka ulikt då ikkje alle leiarane i dei forskjellige KF blir behandla likt. Vi syner og til KL §§ 8-3, 8-4 og 8-5 om kommunen har moglegheita til å tolke regulativet slik Kinn kommune gjer.

Kontrollutvalet sin leiar får godtgjering lik 4,5 % av ordførar si løn. Leiar i kontrollutvalet har ikkje fått utbetalt tapt arbeidsforteneste. Dei medlemmane i KU som vi har kontrollert har fått utbetalt møtegodtgjering i henhold til regulativet. Men vi ser at for året 2022 er det nokon som ikkje har kravd møtegodtgjersle for årets møter i KU. Vi har derfor omtala dette med kapittel 12. innlevering av reiserekningar m.v. som omhandlar reiserekningar med krav om at godtgjersler og vederlag skal sendast seinast 3 mnd etter at møte er halde.

Tilrådingar

1. Kinn kommune bør revidere sitt godtgjersleregulativ for folkevalde og ombod i Kinn kommune 2019-2023, vedtatt 06.11.2019, kommunestyresak 024/19. Sist oppdatert pr 14.12.2021.
2. Kinn kommune bør vurdere om prosentsatsen (4,5%) for vervet som leiar i KF står i eit rimeleg forhold til den arbeidsmengden som ligg til dette vervet.
3. Dei som nyttar seg av regulativet bør tilstrebe å sende inn sine krav med dei fristar som vert sett i det vedtekne regulativet. Ein kan vurdere å forlenge fristen i regulativet til for eksempel innan rekneskapsårets slutt. Det er nokon utfordringar kring budsjetteringar om krava går over i nytt rekneskapsår. I tillegg vert det ein del meirarbeid for dei som skal godkjenne krav som går langt tilbake i tid.

Oppbygging av rapporten

For å gjere dette så lettlest og oversiktleg som mulig så skal vi sjå på dei reglane som gjeld styreleiarane i dei Kommunale føretaka Bordgleder KF, Florø Hamn KF, Havhesten Kinn kommune KF og Kinn utdannings- og ressurscenter KF. Vi skal og sjå på godtgjering for kontrollutvalet i Kinn.

Vi vil sjå på Kinn kommune sin praksis av regulativet i denne rekkefølga.

- Godtgjersleregulativet kapittel 14 Kommunale føretak
- Godtgjersleregulativet kapittel 1 Faste godtgjersler punkt 1.3 Andre folkevalde
- Godtgjersleregulativet kapittel 1 Faste godtgjersler punkt 1.4 Frikjøp av folkevalde
- Godtgjersleregulativet kapittel 16 Regulativ for godtgjersler og vederlag til folkevalde
- Kommunelova
- Kontrollutvalet

Godtgjersleregulativet punkt 14. Kommunale føretak

Kinn kommune sitt godtgjersleregulativ for folkevalde og ombod i Kinn kommune 2019-2023, vedtatt 06.11.2019, kommunestyresak 024/19. oppdatert pr 14.12.2021.

I innhaldsoversikta kapittel 14 side17 så er dei kommunale føretaka omtala.

Utdrag frå godtgjersleregulativet punkt 14 side 17.

14. Kommunale føretak

Styreleiarar av kommunale føretak får 4,5% godtgjersle, som skal dekke all møtegodtgjersle.

Øvrige medlemmar og møtande varamedlemmar av styret får møtegodtgjersle som gruppe 1.

Reglar for tapt arbeidsforteneste gjeld tilsvarande for KF som for hovudutvala mv.

I denne tabellen har vi redgjort for praksis i høve kapittel 14. Kommunale føretak.

Kapittel 14. Kommunale føretak	Våre kommentarar av praksis kring kapittel 14. Kommunale føretak
Styreleiarar av kommunale føretak får 4,5% godtgjersle, som skal dekke all møtegodtgjersle.	Alle styreleiarane i KF får utbetalt godtgjersle som utgjer 4,5% av ordførarløna. Einaste forskjellen er at nokre får utbetaling kvar månad andre får ein årleg utbetaling.
Øvrige medlemmar og møtande varamedlemmar av styret får møtegodtgjersle som gruppe 1.	Dette punktet i kapittel 14 har vi ikkje vurdert då bestillinga frå kontrollutvalet ikkje inneheld spørsmål kring andre enn leiarane i KF.

Reglar for tappt arbeidsforteneste gjeld tilsvarande for KF som for hovudutvala mv.	Dette punktet blir praktisert ulikt i dei forskjellige KF. I 3 av 4 KF blir det betalt ut tappt arbeidsforteneste etter at leiarane har framsett sine krav. Slik vi har lest dokumentasjonen som vi har i saken blir krava om tappt arbeidsforteneste framsett når styreleiarane i KF har arbeid som gjeld KF i tidsrommet 0800-1600 på kvardagar. Vi har her gjort kontroller mot innleverte krav på tappt arbeidsforteneste frå styreleiarane i KF Florø Hamn KF, Bordgleder kinn kommune KF, Havhesten Kinn kommune KF og KURS kinn utdannings- og ressurscenter KF. Vi har sett på kva dei har fått utbetalt og tidspunkta på møta dei har delteke på I og med at regelen for tappt arbeidsforteneste her vert vurdert ulikt i dei ulike KF stiller vi spørsmål om regulativet er skrevet slik at det gjer rom for tolking. Vi vil sjå nærar på kva kapittel 1 fast godtgjersle og kapittel 1.3 andre folkevalde i godtgjersleregulativet seier om tappt arbeidsforteneste i hovudutvala.
--	--

Godtgjersleregulativ kapittel 1 Faste godtgjersler, punkt 1.3 Andre folkevalde

Kapittel 1 faste godtgjersler punkt 1.3 Andre folkevalde

1.3 Andre folkevalde

Følgjande folkevalde skal ha fast godtgjersle:

- Formannskapsmedlemene
- **Leiarane for utvala og kontrollutvalet**
- Leiarane for:
- Eldrerådet
- Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne
- Ungdomens kommunestyre

Godtgjerslene er fastsette i vedlagde regulativ og vert regulerte i samsvar med punkt. 13 nedanfor.

I særskilde høve med stor arbeidsbelastning, kan formannskapet vedta at utvalsleiarar frikjøpast utover den faste

godtgjersla som utvalsleiar. Kommunedirektøren avgjer, men ved tvil eller behov kan saka fremmast til formannskapet som tek endeleg avgjerd.

Formannskapet har fullmakt til å fastsette eventuelle godtgjersler til leiarar i andre utval som kommunestyret eller dei sjølve opprettar.

I kapittel 1. Faste godtgjersler punkt 1.3 Andre folkevalde blir det stadfesta at Leiarane for utvala og kontrollutvalet skal ha ein fast godtgjersle for vervet sitt.

Kapittel 1 punkt 1.3 Andre folkevalde	Våre kommentarar av praksis kring kapittel 1.3. Andre folkevalde
Følgjande folkevalde skal ha fast godtgjersle: - Formannskapsmedlemene - Leiarane for utvala og kontrollutvalet - Leiarane for: - Eldrerådet - Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - Ungdomens kommunestyre	I kapittel 1.3 Andre folkevalde blir det stadfesta at Leiarane for utvala og kontrollutvalet skal ha ein fast godtgjersle for vervet sitt. Når vi ser vidare i kapittel 14 kommunale føretak og kapittel 16 regulativ for godtgjersler og vederlag til folkevalde så er omtalen i kapittel 14 at reglane for leiarane i KF skal handsamast på lik linje med hovedutvala men når vi kjem til kapittel 16 så er definisjonane ulike. I kapittel 16 står det at leiarane for utvala skal få dekke både tapt arbeidsforteneste og møtegodtgjersle. Under punktet for styreleiar KF i same kapittel står ikkje den same presiseringa men kun den avtala prosentsatsen. Dersom der er tilfeldig at KF er utelatt eller ein forgløymelse frå punkt kapittel 1,1.3 eller om det er tenkt slik, er noko uklart for oss. Om det er utelatt med hensikt så tilseier det kanskje at leiarane i KF skal få dekke tapt arbeidsforteneste utover fast godtgjersle. Det som kan gjere dette noko forvirrande er at i kapitel 1, 1.4 står det noko om at dei som får ei fast godtgjering som ein prosentsats av ordføraren si godtgjersle skal reknast som frikjøpte. Regulativet seier at Sitat: <i>Det inneber at godtgjersla er ei totalgodtgjersle som omfattar fast godtgjersle, møtegodtgjersle og vederlag for tapt inntekt for det frikjøpte vervet vedkomande har, der valet eller oppnemninga er resultat av direkte vedtak i eit kommunalt vedtaksorgan.</i>
I særskilde høve med stor arbeidsbelastning, kan formannskapet vedta at utvalsleiarar frikjøpast utover den faste godtgjersla som utvalsleiar. Kommunedirektøren avgjer, men ved tvil eller behov kan saka fremmast til formannskapet som tek endeleg avgjerd.	Vi har fått opplysningar frå administrasjonen i Kinn kommune at kommunedirektøren har vore kontakta i ein sak som gjeld tapt arbeidsforteneste i det eine KF der leiar ikkje fekk utbetalt tapt arbeidsforteneste for sitt arbeid for KF. Her meinte rådmann at leiaren i KF ikkje skulle frikjøpast. I forhold til regulativet så kan kommunedirektøren ved tvil eller ved behov be formannskapet avgjere saker kring frikjøp. Vi har ikkje noko informasjon om at formannskap har behandla saker kring frikjøp av tapt arbeidsforteneste som gjeld leiarane i KF. I denne revisjonen har vi sett på kva for type møte/arbeid det vart kravd tapt arbeidsforteneste for i KF. Vi finn vi at det både vert betalt ut tapt arbeidsforteneste ved stor arbeidsbelastning (saker som gjerne kjem i tillegg til dagleg leiing.) og ved det vi kan kalle dagleg drift.

	Det er forskjell på kva opplysningar som vert gjeve i dei krav som vert framsatt. Nokre har meir detaljar enn andre. For eksempel så er det i nokre av krava spesifiser med klokkeslett på møtene/arbeide som vert utført mens andre ikkje har med klokkeslett. For dei som har med klokkeslett så ser vi at dei krev tapt arbeidsforteneste for tidsrommet 0800-1600 på kvardagar. Andre som ikkje har med klokkeslett i sine framsatte krav har vi ikkje opplysningar om når møtene vart gjennomført. Alle har for året 2022 nytta same skjema for tapt arbeidsforteneste og reiserekning for folkevalde og ombod. Skjema krev ikkje at ein skal fylle ut klokkeslett. Det er heller ikkje særleg stor plass å skrive utfyllande opplysningar om møta/arbeidet som har vore gjort.
--	--

For å få svar på kva den faste godtgjeringa skal dekke og kva opplysningar som ligg i regulativet som omhandlar hovudutvala jfr kapittel 14. Kommunale føretak 3. setning, har vi sett på godtgjersleregulativet kapittel 1 punkt 1.4 frikjøp av folkevalde.

Godtgjersleregulativ kapittel 1 faste godtgjersler, punkt 1. 4 Frikjøp av folkevalde

Kapittel 1.4. Frikjøp av folkevalde

1.4. Frikjøp av folkevalde Dei som har faste godtgjersler av ordføraren si godtgjersle, utanom formannskapet, skal reknast for å vere frikjøpte. Det inneber at godtgjersla er ei totalgodtgjersle som omfattar fast godtgjersle, møtegodtgjersle og vederlag for tapt inntekt for det frikjøpte vervet vedkomande har, der valet eller oppnemninga er resultat av direkte vedtak i eit kommunalt vedtaksorgan. Utvalsleiarar og varaordførar skal har rett på møtegodtgjersle og tapt arbeidsinntekt i ev. øvrige kommunale verv i samsvar med reglementet elles. Frikjøpte får likevel godtgjersle som gruppeleiar i partia. Godtgjersla til frikjøpte skal utbetalast som løn; det medfører opptening av feriepengar.
--

Utdrag frå kapittel 1. Fast godtgjersler, punkt 1.4 Frikjøp av folkevalde

	Våre kommentarar av praksis kring kapittel 1.3. Andre folkevalde
Dei som har faste godtgjersler av ordføraren si	Våre kommentarar kring dette punktet er slik vi forstår regulativet at frikjøpet skal sjåast på som ei totalgodtgjersle som omfattar

godtgjersle, utanom formannskapet, skal reknast for å vere frikjøpte. Det inneber at godtgjersla er ei totalgodtgjersle som omfattar fast godtgjersle, møtegodtgjersle og vederlag for tapt inntekt for det frikjøpte vervet vedkomande har, der valet eller oppnemninga er resultat av direkte vedtak i eit kommunalt vedtaksorgan.	<i>fast godtgjersle, møtegodtgjersle og vederlag for tapt inntekt for det frikjøpte vervet vedkomande har</i> Vi har innhenta opplysningar frå Kinn kommune sitt rekneskap som syner at det vert utbetalt vederlag for tapt inntekt i 3 av 4 av Kinn kommune sine KF. Innhenta opplysningar frå administrasjonen syner at Kinn kommune også har betalt ut tapt arbeidsforteneste for andre folkevalde som er å rekne som frikjøpt, jfr kapittel 1. faste godtgjersler punkt 1.4 frikjøp av folkevalde (som har ei prosentsats på 4,5% av ordføraren si faste godtgjersler.) Vi har ikkje gjort nærare undersøkingar av desse. Vi får og opplyst om at dei som har høgare prosentvis godtgjering ikkje mottek godtgjersle for tapt arbeidsinntekt. Administrasjonen i Kinn kommune opplyser om at det er ein etablert praksis for denne tolkinga av regulativet. Krava som blir framsett er den tida leiarane i KF nyttar tid på arbeid med KF i tidsrommet 0800-1600 på kvardagar. Men vi ser på billaga til krava at ikkje alle dei vi har undersøkt har med klokkeslett på sine krav. Når vi les kapittel 16. regulativ for godtgjersler og vederlag til folkevalde, så kan vi forstå at det kan oppstå tolking som kan støtte praksisen som er etablert kring dette tema. Sjå nedanfor for meir utfyllande forklaring kring kapittel 16. regulativ for godtgjersler og vederlag til folkevalde.
Utvalsleiarar og varaordførar skal har rett på møtegodtgjersle og tapt arbeidsinntekt i ev. øvrige kommunale verv i samsvar med reglementet elles. Frikjøpte får likevel godtgjersle som gruppeleiar i partia. Godtgjersla til frikjøpte skal utbetalast som løn; det medfører opptening av feriepengar.	Vi har ikkje undersøkt noko kring andre verv som leiarane i KF (utvalsleiar) måtte ha.

Kapittel 16. Regulativ for godtgjersler og vederlag til folkevalde

Hovudutvala og deira godtgjersle er omtala i kapittel 16. Regulativ for godtgjersle og vederlag til folkevalde i godtgjersleregulativet.

Når vi definerar kven som blir sett på som hovudutval har vi ei oppfatning om at dette gjeld dei som er vist i tabellen nedanfor.

Utdrag av regulativet i tabell under **kapittel 16. Regulativ for godtgjersler og vederlag til folkevalde.**

Hovedutval	Prosentst	Sats kr
Ordførar 1.1 Ordføraren Godtgjersla vert fastsett for kvar valperiode av det konstituerande kommunestyret. Godtgjersla vert elles i valperioden regulert i samsvar med punkt. 13 nedanfor. 13. Regulering av godtgjerslene og vederlaga Godtgjerslene og vederlaga som er fastsette i vedlagt regulativ skal regulerast kvart år per 1. januar. Reguleringa skal skje med same prosentst som årslønsveksten i det kommunale tariffområdet med verknad per 1. januar det påfølgande året.	100 %	987 997 (pr 1. mai 2019)
Leiar i Oppvekst- og kulturutvalet skal ha ei godtgjersle tilsvarande 10 % som svarar for både tapt arbeidsforteneste og møtegodtgjersle til vervet.	10 %	Kr 98 800,-
Leiar i Samferdselsutvalet skal ha ei godtgjersle tilsvarande 15 % som svarar for både tapt arbeidsforteneste og møtegodtgjersle til vervet.	15 %	Kr 148 200,-
Leiar i Helse-, sosial og omsorgsutvalet skal ha ei godtgjersle tilsvarande 25 % som svarar for både tapt arbeidsforteneste og møtegodtgjersle til vervet.	25 %	Kr 247 000,-
Leiar i Plan-, miljø og næringsutvalet skal ha ei godtgjersle tilsvarande 40 % som svarar for både tapt arbeidsforteneste og møtegodtgjersle til vervet.	40 %	Kr 395 200,-

I teksten til hovudutvala blir det gjort rede for at deira godtgjersle skal dekke både tapt arbeidsforteneste og møtegodtgjersle til vervet. Det blir omtala i punkt 14. Kommunale føretak at reglane for tapt arbeidsforteneste gjeld tilsvarande for KF som for hovudutvala mv.

I det omtala møte 16.01.23 med administrasjonen i Kinn kommune opplyste dei at det vert utbetalt tapt arbeidsforteneste til dei som har 4,5 % godtgjersle når det vert kravd.

Dei som er omfatta av den praksisen er

	Prosentats	Sats kr (pr. 1. mai 2019)
Leiar i kontrollutvalet får ikkje møtegodtgjersle	4,5%	Kr 44 460,-
Leiar for administrasjonsutvalet får ikkje møtegodtgjersle	4,5 %	Kr 44 460,-
Styreleiar kommunale føretak	4,5 %	Kr 44 460,-

Funn

- Når vi samanliknar leiarane i hovudutvala og leiarane i dei kommunale føretaka så ser vi at teksten i tabellen ikkje er heilt lik. Sjølv om det står i kapittel 14 kommunale føretak at dei skal handsamast likt.
- Når det gjeld praksis av utbetaling av tapt arbeidsforteneste til leiarane i dei kommunale føretaka viser praksisen av regulativet at regulativet vert tolka ulikt.

Kommunelova utdrag¹

§ 8-3.Dekning av utgifter og økonomisk tap

Den som har et kommunalt eller fylkeskommunalt tillitsverv, har krav på skyss-, kost- og overnattingsgodtgjøring for reiser i forbindelse med vervet. Kommunestyret eller fylkestinget gir selv forskrift om slik godtgjøring.

Den som blir påført utgifter som følge av et kommunalt eller fylkeskommunalt tillitsverv, har krav på å få dekket utgiftene opp til et visst beløp per dag. Kommunestyret eller fylkestinget gir selv forskrift om dekning av slike utgifter.

Den som taper inntekt fordi han eller hun har et kommunalt eller fylkeskommunalt tillitsverv, har krav på erstatning opp til et visst beløp per dag. Kommunestyret eller fylkestinget gir selv forskrift om slik erstatning. Det skal fastsettes ulike satser for dokumenterte og ikke-dokumenterte tap.

§ 8-4.Arbeidsgodtgjøring

Den som har et kommunalt eller fylkeskommunalt tillitsverv, har krav på godtgjøring for sitt arbeid. Kommunestyret eller fylkestinget gir selv forskrift for slik godtgjøring.

§ 8-5.Godtgjøring ved frikjøp

Kommunestyret eller fylkestinget kan selv bestemme at folkevalgte som frikjøpes, skal motta én fast godtgjøring i stedet for dekning av tapt inntekt etter § 8-3 tredje ledd og arbeidsgodtgjøring etter § 8-4.

Kinn kommune nyttar både KL §§ 8-3,8-4 og 8-5 i sitt godtgjersleregulativ. Når vi ser på KL § 8-5 så forstår vi loven slik at når ein nyttar seg av ein fast godtgjering er ein å anse som frikjøpt både for tapt inntekt og arbeidsgodtgjøring.

Når innbyggerane i ein kommune tar på seg arbeid i politikken skal ein ikkje tape pengar på arbeidet som ein gjer.

Vi har registrert at 3 av 4 KF leiarar sender inn krav om tapt arbeidsforteneste av eit visst omfang i løpet av året. Om arbeidsmengda som leiar i KF viser seg å være stor i forhold til den faste godtgjeringa, og om intensjonen er at

¹ Lovtekst kommunelova er etter ny kommunelov av 2018.

den faste godtgjeringa skal innehalde både møtegodtgjering og tapt arbeidsforteneste jfr KL § 8-5, bør Kinn kommune vurdere om den prosentsatsen som ligg til leiar i KF er høg nok.

Kommunelova seier at dette regulativet skal være ei forskrift og ikkje ein regel som den var omtalt som i førre KL.

Kontrollutvalet

Vi vart i denne revisjonen bedt om å sjå på kontrollutvalet i Kinn sine medlemar. Vi tok sjølv ut lønnslipper på alle av kontrollutvalet sine medlemar.

Kontrollutvalet sin leiar får godtgjering lik 4,5 % av ordførar si løn. Leiar i kontrollutvalet har ikkje fått utbetalt tapt arbeidsforteneste. Dei medlemmane i KU som vi har kontrollert har fått utbetalt møtegodtgjering i henhold til regulativet. Men vi ser at for året 2022 er det mogleg at det er nokon som ikkje har kravd møtegodtgjersle for årets møter i KU. Deira krav vil då bli bokført i året 2023. Vi har i den forbindelse sett nærare på om medlemmane i Kontrollutvalet overheld kapittel 12. innlevering av reiserekning m.v.

Kapittel 12. innlevering av reiserekning m.v

Reiserekning med krav om **godtgjersler og vederlag** skal sendast politisk sekretariat **seinast tre månader etter at møtet er halde**. Kommunedirektøren avgjer om brot på denne fristen skal medføre at reiserekninga vert å sjå som forelda. Utbetalt reiseforskot vert trekt ved oppgjeret av reiserekninga.

Lov om foreldelse av fordringar (Foreldelseslova) § 2 (fristens lengde) seier at den den alminnelige foreldelsesfrist er 3 år.

Foreldelsesfristen § 2 er 3 år. Ordlyden i kapittel 12 i regulativet har ei oppmoding om å sende krav om godtgjersler og vederlag seinast 3 månader etter møte er halde. Sjølv om det står at det er kommunedirektøren som avgjer om brot på denne fristen skal medføre at reiserekninga vert å sjå på som forelda, vil kommune uansett ikkje kunne vurdere krava som forelda etter 3 månader jfr Foreldelsesfristen § 2 som er 3 år.

Dei som nyttar seg av regulativet bør tilstrebe å sende inn sine krav med dei fristar som vert sett i det vedtekne regulativet. Det er nokon utfordringar kring budsjetteringar om krava går over i nytt rekneskapsår. I tillegg vert det ein del meirarbeid for dei som skal godkjenne krav som går langt tilbake i tid. Ein kan vurdere å forlenge fristen i regulativet til for eksempel innan rekneskapsårets slutt.

Referanser:

Kommunelova §§§ 8-3,8-4 og 8-5

Kinn kommune sitt godtgjersleregulativ

Foreldelsesloven

Vedlegg:

Kinn kommune sitt godtgjersleregulativ for folkevalde og ombod i Kinn kommune 2019-2023, vedtatt 06.11.2019, kommunestyresak 024/19. oppdatert pr 14.12.2021.